



Kva har du i mappa di?

Dette var ein gong eit svært aktuelt spørsmål på ein heilt annan sektor, men det vart aktualisert att under kveld nummer to for seniorsurfarane i Gamleskulen. Det var ein mappekveld der lærarane ga frå seg mykje nyttig lærdom om korleis ein skal og bør ta vare på det ein har på pc-en.

Elevtalet kom opp i 17 denne kvelden og lærar Hans Ordin Østebø og kona Britt Iren hadde sin fulle hyre med å gje individuelle råd i tillegg til det generelle.

Eitt av råda var å lage eit billedarkiv med ei mappe for kvart år. Eitt godt generelt råd er å satsa på eit oversiktleg og logisk system som det er lett å finna fram i.

På biletet under er Britt Iren undervegs med gode råd og over orienterer Hans Ordin, ved dette høvet kalla mappemannen.....

Foto og tekst: Ola Matti Mathisen

